

# Styremøte i V.I.L

## Klubbhuset

7.5.13

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, , Yvonne Dale, Trond Håvoll, Nelly Ytterli, Ellisiv Valdal Jarvik og Magne Eivind Glomnes

### Sak 1: Sidan sist

Trimgruppa – har gjennomført sykkeltrim med om lag 120 deltakere. Vellykka til tross for litt surt vær. Trimpostar vert plassert ut i første del på juni. Er med som arrangør på vekas tur.

Fotballgruppa – godt i gang. Vert stadig tidlegare oppstart av seriar. Vanskar med grasbane. Har vinterskade. Trener på grus, vil etter kvart kunne spele på grasbana. Leiger bane i Stordal. Skal stille med vakter på Kula 8. juni og 19. juli.

Friidrettsgruppa – har planlagt Valldal-Liabygda cup friidrett saman med Liabygda. Samordnar med fotballgruppa om bruk av bane slik at det ikkje vert kollisjonar. Vert felles stemne med Stordal i løpet av sommaren. Prøver med tilbod om trening, lagt til skuleområdet.

#### Sak 1 Idrettsrådet og arbeidsgruppe idrettshall.

Einar og Ellisiv møter på årsmøte i idrettsrådet. Einar er Valldal IL sin kandidat til styret.

Arbeidsgruppe idrettshall, representant frå idretten i Norddal. Dette har Valldal fått i oppgåve frå idrettsrådet å peike ut. Dette punktet vart rett og slett gløymd (!) på møtet, så det vert å kome tilbake til.

#### Sak 2 Arbeid klubbhuset

Søknad om spelemidler på rehabilitering av klubbhuset er ikkje godkjent og m på sendast på nytt neste år. Mykje av det innvendige arbeidet er gjennomført men det står att overbygg over inngang – kiosk. Det vart bestemt å gå vidare med dette og Kenneth Hovden vert førespurd om å ta på seg å leie arbeidet. Han må då leigast inn. Arbeidet må gjennomførast i august-september.

#### Sak 3 Arbeid på stadion, bane og hus utover vår og sommar

Følgjande arbeid står føre:

Måling av klubbhuset - Valldal høvleri vert førespurd om stillas og måling. Dugnadsarbeid i juni. Også ballskur og speakerbud må fullførast

Tilgang til loft på garasje – Mur må beskyttast med vorteplast, det vert deretter mura opp, lagt opp masse til nivå for dør. Anders tek ansvar for dette. Deretter må det leggest golv og enkelt innreiing på loftet. Ansvarlege er fotballgruppa.

Grusbane og grasbane – Grasbana har fått ein del skader sist vinter. Fotballgruppa har ansvaret med å stelle denne og må også vurdere bruk utover vår/sommar. Grusbane og også løpebaner må sprøytast for ugras. Magne Eivind følgjer opp mot Landbruk Nordvest v/Jon Geirmund Lied. Må vurderast mot bruk. Må truleg kombinerast med hard slådding evt bruk av høvel.

Vassforsyning – Denne har vore frosen i lengre tid i vinter. Dette er lite holdbart. Delar av ledninga er kommunal og Einar tek kontakt med kommunen for å finne nye løysingar til neste vinter.

Tilsyn klubbhuset – Glenn Rongsø har bedt seg friteken for arbeid med tilsyn på klubbhuset. Anders Rem får tilbod om denne funksjonen. Arbeidsoppgåver må klargjerast og settast opp i avtale. Det må også gjerast avgrensing mot andre oppgåver og verv i idrettslaget .

Innkjøp – Yvonne kjøper inn ein del nødvendig utstyr til klubbhuset.

#### Sak 5 Oppfølging hjartestartar

For å gjere hjartestartaren meir tilgjengeleg kan det vere aktuelt å plassere denne på utsida av huset. Einar undersøker mulegheiter for dette. Som oppfølging av opplæring på hjartestartar og anna livreddande førstehjelp vert ABC – livredding v/Bente Haavoll engasjert til 3 timars kurs tysdag 14. mai på klubbhuset. Påmelding til Ellisiv Jarvik.